



Heio er ein fin arena og det er fint å sigrå på heimebane! Foto: Ola Matti Mathisen

Uskedalen utvikling minner om årsmøte som skal vera onsdag 6. februar.

Dersom nokon har saker til årsmøte, vil styret vita om det straks. I tillegg til vanlege årsmøtesaker vert det lagt fram nye vedtekter i samsvar med retningslinjer frå Brønnøysundregisteret for ideelleorganisasjonar.

Dette var drøfta og varsla på årsmøte i fjor og skal vedtakast i år.

Årsmøte skal og sei sitt om nytt handlingsprogram, framlegg til auke i årspengane og auka husleige for Gamleskulen.

Uskedalen utvikling med 65 medlemmer kan syna til eit godt og aktivt arbeidsår i 2012. Ei fylldig årsmelding vert lagt fram på møte. Økonomien er god.

Uskedal idrettslag, FAU, Aktivitetshuset, Uskedalen skule og Uskedal Friluftslag er invitert til møte.

Det gjeld informasjon og drøfting av innspel til Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet.

Det bør sendast ein felles uttale frå Uskedalen der ein peikar på drift og framtid bruk av idrettsanlegga.